

# Skulebruksplan 2025-2028



Hå  
kommune

## Innhald

Innleiing .....	3
Samandrag .....	3
Nasjonal skulepolitikk.....	4
Læreplanverket – overordna del .....	4
Kunnskapssektorens målbilde.....	4
Kommunal skulepolitikk.....	5
Kommuneplan 2024-2036 .....	5
Utviklingsplan for Håskulen 2024-2025 .....	6
Handlings- og økonomiplan 2025-2028.....	7
Skulebygg og uteområde .....	7
Barnetal og skulekapasitet .....	14
Historisk utvikling i folketallet i Hå .....	14
Endra utvikling i seinare tid .....	15
Skulekretsar og skulebygg .....	18
Nærbø.....	18
.....	24
Varhaug .....	24
Varhaug ungdomsskule.....	25
Vigrestad og Stokkalandsmarka.....	27
Vigrestad skule .....	27
Vigrestad storskule.....	28
Oppsummering: Situasjonen på Vigrestad/Stokkalandsmarka .....	29
Ogna skule.....	30

# Innleiing

Skulebruksplanen med vedlegg er eit strategidokument som skal danne grunnlag for avgjersler knytt til:

- a) vedlikehald av bygningsmassen
- b) ombygging/tilpassing til moderne skuledrift
- c) utbygging i høve til elevtalsutviklinga

Skuleanlegg skal tene mange føremål og er viktige signalbygg. Utforminga av bygga, standarden og det totale inntrykket skulebygget gjer fortel at kommunen viser vilje til å satse på kvalitet i barn og unge sitt oppvekstmiljø. Skulebygga bør legge til rette for god bruk for lag og organisasjonar og til ulike sosiale og kulturelle arrangement, og på den måten vere viktige kulturbygg i kommunen.

Målet er å ha godt vedlikehaldne skuleanlegg, tilpassa dei pedagogiske, sosiale og kulturelle føremåla.

Kommunedirektøren føreslår at planen blir revidert anna kvart år og lagt fram saman med handlings- og økonomiplan, same år som Statistisk sentralbyrå (SSB) reviderer sine folketalsframskrivingar. Planen er eit grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen.

## Samandrag

Skulebruksplan 2023-2026 blei vedteken av kommunestyret i desember 2022. Kommunedirektøren legg no fram forslag til skulebruksplan for perioden 2025-2028. Kommunen har dei siste åra hatt store investeringar i skulesektoren med Nye Bø skule, Nye Ognå skule og nybygg på Varhaug skule.

Framtidsutsiktene til kommunen er litt endra dei siste åra. Etter mange år med vekst snur no trenden. Det ser ut som at barneskulane allereie har nådd ein «topp» på elevtal og at elevtalet er synkande. Ungdomsskulane ser ut til å vere i siste fase med høge elevtal.

På Nærbø er det fallande elevtal på barneskulane, noko som frigjer areal på Motland og på Bø. Høyland er i ein litt annan situasjon då dei er nærskule for mottaket. Det gjer at elevtalet held seg og dei tidvis er pressa på læringsarealet. Nærbø ungdomsskule er også nærskule til mottaket, og der er presset så høgt at kommunedirektøren tilrår å sette opp modulbygg.

På Varhaug skule fungerer nybygget bra og skulen har plass til sitt høge elevtal, men også her er elevtalet fallande. På Varhaug ungdomsskule er det litt trangare om plassen, men det ser ut som om det går bra. Skulen er slitt og me er i gang med planane om å oppgradere skulen.

Vigrestad og Stokkelandsmarka var den største utfordringa i sist skulebruksplan. No er det vedteke at det skal byggast ein 1.-7 skule på Vigrestad, men kommunedirektøren føreslår at me skyv litt på planane. Elevprognosane viser at det kan bli veldig god plass på det som blir Vigrestad ungdomsskule når den tid kjem.

For Brusand, Oгна og Sirevåg fungerer ting bra. Nye Oгна skule er eit svært godt skulebygg. Akkurat no er ungdomstrinnet uvanleg lite, men prognosane viser at det vil ta seg opp igjen.

## **Nasjonal skulepolitikk**

### **Læreplanverket – overordna del**

Overordna del, verdiar og prinsipp for grunnopplæringa, er ein del av læreplanverket, som utdjupar verdigrunnlaget i formålsparagrafen i opplæringslova og dei overordna prinsippa for grunnopplæringa. Han består av tre kapittel:

- Verdigrunnlaget for opplæringa
- Prinsipp for læring, utvikling og danning
- Prinsipp for praksisen i skolen

Læreplanverket består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar i fag. Dette er forskrifter til opplæringslova, og skal styra innhaldet i opplæringa. Nye læreplanar blei innført skuleåret 20/21.

### **Kunnskapssektorens målbilde**

Kunnskapsdepartementet har tre overordna mål for kunnskapssektoren:

- Kunnskap legger grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft
- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse
- Kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske forskjellar

Det er viktig med godt samspel mellom Kunnskapsdepartementets underliggende verksemdar slik at alle bidrar til kvarandre si måloppnåing.

# Kommunal skulepolitikk

## Kommuneplan 2024-2036

### God utdanning

Hå kommune skal tilby alle barn og unge eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø som fremjar trivsel og læring. Samstundes er læring ikkje avgrensa til barn og unge, og kommunen skal arbeide for innbyggjarane sine moglegheiter til livslang læring.

#### Delmål

- I Hå skal me arbeida aktivt for å skapa trygge og inkluderande oppvekstmiljø
- I Hå skal alle barn ha tilgang på barnehagar og skular av god kvalitet med høgt fagleg nivå som bidrar til utvikling, læring og tryggleik. Barna skal kjenna tilhørsele, oppleve motivasjon og meistring, få trening i sosial kompetanse og sikrast god helse gjennom gode leike- og læringsmiljø.
- I Hå skal innbyggjarane ha moglegheitene til å tileigna seg relevant kompetanse som sikrar større fleksibilitet i møte med framtidens samfunn og arbeidsliv.

#### Strategiar:

- Hå kommune skal arbeida for eit godt samarbeidsklima med føresette i skular og barnehagar.
- Hå kommune skal arbeida for, og prioritera eit mangfald av fritidstilbod for barn og unge.
- Hå kommune skal arbeida for at elevane i skular og barnehagar når sitt fulle potensiale.
- Hå kommune skal arbeida for at elevane utviklar kompetanse i samarbeid, kreativitet, kritisk tenking og læringsteknologi.
- Hå kommune skal leggja til rette for variasjon i læringstilnærming og opplæringsarenaar.
- Hå kommune skal tilby gode, opne og tilgjengelege bibliotek med møteplassar og studierom.



## Utviklingsplan for Håskulen 2024-2025

Håskulen har veldrevne skular og mange dedikerte og engasjerte lærarar og andre tilsette. Skulebidraga ligg tett opp til eller litt over det som er forventa av skulane ut i frå elevane sine tidlegare prestasjonar og familiebakgrunn. Elevane i Hå har over tid prestert tilsvarende elevar i andre kommunar med nokonlunde same folketal og økonomiske rammer. Resultat på nasjonale prøvar på 5. trinnet dei siste to åra kan likevel tyde på at me har fått større utfordringar med begynnaropplæringa.

Me ynskjer å orientere oss mot nivået i heile landet når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat, uavhengig av folketal, kommuneøkonomi, foreldra sitt utdanningsnivå, inntekt eller innvandringsbakgrunn. Elevane i Hå skal få moglegheit til å ta ut potensialet sitt, og nå sine drøymar og mål.

Eit fleirtal av elevane på 7. trinn svarer i elevundersøkinga 2023 at dei har eit godt læringsmiljø kor de trivst godt. Elevane svarer at dei får støtte frå lærarane og heimen, får faglege utfordringar og opplever meistring. Nasjonalt var det frå 2022 til 2023 nedgang i halvparten av dei 10 indikatorane, men på 7. trinnet i Hå var det i staden framgang på alle indikatorane. Undersøkinga viser og dessverre ei markant auke frå 2022 til 2023 i andelen elevar som opplever mobbing. Dette er ei nasjonal trend, som me og ser i Håskulen.

Me ser at elevane på 10. trinn i 2023 har skåra dei fleste indikatorane på eller rett under det som er gjennomsnittet nasjonalt. Eit fleirtal av elevane på 10. trinn svarer og at dei trivst godt, at dei får støtte frå lærarane og heimen, får faglege utfordringar og opplever meistring. Det er ei nasjonal trend på 10. trinn at færre og færre elevar opplever læringsmiljøet som godt og at færre elevar er motiverte for skule. Me ser same trend i ungdomsskulane i Hå, og me prøver difor ut ein heil del tiltak både i ordinær undervisning og på alternative arena for praktisk skule. Auke i mobbing på skulen gjeld og for 10. trinn, bade nasjonalt og i Hå.

Prioriterte område for skuleeigar dei nærmaste åra vil vere

- Begynnaropplæringa i lesing, skriving og rekning
- Utvikle ein meir praktisk og variert skule for 5.-10. trinn

Skuleeigar har ansvar for at elevane får opplæring slik som læreplanverket legg opp til, og har saman med skuleleiarane ansvar for at skulane har rett kompetanse. Me skal stille naudsynte ressursar til disposisjon, og sørge for rammevilkår som gjev skulane moglegheit til å ta læreplanverket i bruk på ein god måte.

## Handlings- og økonomiplan 2025-2028

Oversikten i tabell 1 viser tiltaka slik dei ligg inne i kommunedirektørens forslag til Handlings- og økonomiplan for 2025-2028. Det er fordi skulebruksplanen kjem samtidig med økonomiplanen. Det er kommunestyret sitt vedtak som blir gjeldande for skulebruksplanen.

Tabell 1. HØP 2025-2028

	2025	2026	2027	2028	Sum
Tiltak skule	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Skular uteanlegg	2 100	2 100	2 100	2 100	8 400
Rehab. Varhaug U. Skule	10 100				10 100
Mellombels løysing Nærbø U.	2 800				2 800
Ny barneskule Vigrestad	1 000			2 000	3 000
Sum skular	17 500	3 600	3 600	5 600	30 300

## Skulebygg og uteområde

Det finst ingen nasjonale føringar som gjer direkte krav til utforming av skuleanlegg. Fleire lover har likevel konsekvensar for korleis skuleanlegg og tilhøyrande uteområde vert utforma i forhold til ulike brukargrupper.

Opplæringslova er styrande for skulen sine oppgåver og innhald, som igjen stiller krav til ulike funksjonar i skuleanlegget.

Arbeidsmiljøvernlova med tilhøyrande forskrifter viser til reglar for dei tilsette sitt fysiske og psykiske arbeidsmiljø. I tillegg gjeld lova for elevar i samband med kunst og handverk og naturfag.

Forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar med rettleiarar inneheld krav til det fysiske og sosiale miljøet, og stiller krav til mellom anna ansvarsforhold, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjonar og klage.

Lov om folkehelsearbeid skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsestyresmakter set i verk tiltak og samordnar si verksemd på ein forsvarleg måte.

Lov om matproduksjon stiller krav til utstyr, utforming og drift av lokale der det vert produsert, laga og oppbevart mat.

Plan og bygningslova med forskrift inneheld omfattande krav til det fysiske miljøet. Lova gjer blant anna sterke føringar for universell utforming.

Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova stiller krav om at alle areal, både ute og inne skal vere tilgjengelege for alle menneske uansett funksjonsevne, utan at ein kjenner seg diskriminert.

## **Hovudinngang**

Hovudinngangen skal vere det første me ser, og skal invitere folk inn i skulen. Oppbygging og skilting må vere slik at ein lett kan orientere seg i bygget. Resepsjonen bør liggje i nær tilknytning til hovudinngangen og vestibyleområdet. Det kan godt vere plass til å stille ut elevarbeid i dette området.

## **Læringsrom**

Elevane sitt læringsareal kallar me læringsrom. Dette er eit samleomgrep som omfattar klasserom, grupperom og fellesrom. Alle elevar skal høyre til i ei gruppe og ha sin kontaktlærer. I løpet av skuledagen kan elevane organiserast i ulike grupper, alt etter arbeidsoppgåver og arbeidsmåtar.

Det er ønskeleg at kvart trinn har sitt eige primærareal, sin base. Denne skal innehalde fleksible læringsrom i ulike storleikar slik at elevane får høve til å utprøve varierte arbeidsmåtar, både samarbeid med andre elevar og individuelt arbeid. Ulike elevaktivitetar må kunne skje side om side i læringsromma. Samtidig er det viktig at basen ikkje er så avskjerma at andre elevgrupper ikkje kan nytte dette arealet. I læringsarealet skal det og vere eit areal som er eigna til presentasjon og framføring.

Alle elevane skal ha eige skap/hylle. Det må og vere oppbevaringsmodular for andre læremiddel og materiale som elevane nyttar.

## **Digitalisering**

Digitale løysingar skal vere tidsmessige og tilgjengelege i heile skulebygget, og i spesialrom/verkstad. Utbygging av opne trådlause nettverk og mobilitet skal vere førande for utviklinga på området.

Kostnadar med etablering, utbygging, kabling for data internt i skulebygget skal dekkjast av byggets eigar. Det same gjeld kostnadar med å forsyne datautstyr o.l. med straum. IT-avdelinga har utarbeidd ein kablingsretteleiar for nye bygg og ombygging.

I løpet av dei siste åra har det blitt kjøpt inn chromebooks slik at alle elevar og lærarar har kvar sin maskin. Dette er viktig for å få tyngde i satsinga på ny teknologi og nye måtar å lære på.

## **Elevgarderobar**

Skulane vert tilrettelagde som «inneskular», og det må dermed tilretteleggast for våt- og tørrsone. Kvar elev skal ha sin garderobeplass der blant anna utesko,

innesko, skifteklede, gymklede og yttertøy kan oppbevarast. Det kan og vere tørkeplass for vått tøy for dei minste elevane.

## **Bibliotek**

Biblioteket må liggje sentralt plassert i forhold til læringsromma. Det skal leggest til rette for samlokalisering og samarbeid med folkebiblioteket der dette passar. Biblioteket skal vere innbydande og stimulere til læring. Rommet kan og ha plass til ulike utstillingar. Bibliotekaren skal ha eigen arbeidsplass.



## **SFO**

Skule- og fritidsordninga (SFO) nyttar dei yngste elevane sine primærareal. Læringsromma som SFO brukar må gje moglegheit til lek, læring og fritid. SFO må ha gode lagringsmoglegheiter, med fleksible og flyttbare oppbevaringsmodular.

## **Spesialrom/fagområde**

Kvar enkelt skule må vurdere kva spesialrom dei treng ut frå krav i fagplanar og skuleslag (småskule, mellomtrinn, ungdomstrinn).

## **Kunst og handverk**

Noko av faget kunst og handverk kan gjennomførast i dei ordinære læringsromma, men det må likevel leggest til rette for bruk av andre rom etter

aktivitet. Det må vere eit rom for arbeid med harde konstruktive materiale, for eksempel trearbeid, med tilhøyrande rom for farlege reiskapar, samt eit material-/lagerrom. Det må og vere eit rom der elevane kan arbeide med tekstilar og teikning/maling med tilhøyrande lager. I tillegg kan ein og leggje til rette for eit rom der dei kan arbeide med keramikk. Dette kan og fungere som eit etterbehandlingsrom (lakk, maling og liknande), og må ha tilgang til vatn og sluk i golvet. Der elevane skal utføre arbeid som medfører støv og avgassar må det vere avsug i forhold til gjeldande lover.

Desse ulike kunst- og handverksromma skal liggje plassert slik at elevane lett kan bevege seg frå det eine rommet til det andre, og det kan godt vere gjennomsyn begge vegar. Det må og vere nok veggplass til skap/hyller, og til å hengje opp ulike verktøy. Det må og leggast til rette for fleksible straumuttak i forhold til lette handverktøy og symaskinar. Kulturskulen vil vere ein nyttig samarbeidspartnar i planlegginga av desse romma.

## **Musikk**

Musikkfaget må ha eige rom sjølv om deler av faget som teori og rørsle kan leggast til andre rom. Musikkavdelinga bør innehalde eit fellesrom med tilhøyrande små øvingsrom. Det må og vere gode oppbevaringsmoglegheiter for ulike instrument. Musikkavdelinga bør leggast i tilknytning til amfi slik at romma kan fungere som førebuingssrom og eventuell scene til ulike framføringar. Og her vil kulturskulen vere ein nyttig samarbeidspartnar i planlegging og tilrettelegging.

## **Naturfag**

Deler av faget kan lærast i nærmiljøet, og det er viktig at skulane legg til rette for det. Mange av læringsaktivitetane i faget kan gå føre seg i dei ordinære læringsromma. Spesielt ungdomstrinnet treng spesialrom for å gjennomføre deler av faget. Og på barnetrinnet bør det vurderast å ha spesialrom for å utføre enkle forsøk for å stimulere til interesse for faget.

## **Mat og helse**

Mat og helse bør lokaliserast i samband med kantine og vestibyle. Rommet skal innehalde fire arbeidsområde med fire komplette kjøkken. I tillegg må det vere ein kjøkkenbenk for demonstrasjon med koketopp, komfyr og vask. Eitt av områda må vere tilpassa elevar i rullestol med heve-/senkeløysing. Dette kan vere kjøkkenet for demonstrasjon.

Rommet må i tillegg innehalde skap for oppbevaring av mat og felles dekketøy, vaskemaskin, samt kjøl og frys. Me må gjere ei vurdering om elevane skal kunne dekke bord inne i mat- og helserommet, eller om dei skal nytte kantina til dette. Det bør uansett vere moglegheit for elevane til å sitte for å følgje med i gjennomgangar og demonstrasjonar.

## **Kantine**

Dei seinare åra har nye skulebygg og fleire rehabiliterte skular vorte utstyrte med tilpassa kantine og kjøkken. Skulane har svært positive erfaringar med kantine. Utfordringa med å få plass til alle elevane er løyst ved at elevane vert delte inn i opp til tre grupper som et til ulike tider. Kantinetilbodet sikrar at alle elevane får eit sunt skulemåltid med god mat og drikke. Ordninga er difor viktig i forhold til læring av gode matvanar.

Når elevane et i kantina, enten eigen mat eller mat frå kantina, vil det vere lettare med reinhaldet i dei ordinære læringsromma. Det vert heller ikkje så mykje avfall i dei ordinære læringsromma i form av mjølkekartongar og organisk avfall.

Kantina bør vere i sambruk med mat og helse og vestibyle. Kantina må kunne brukast fleksibelt, og minimum ha ein kapasitet på ein tredel av elevtalet ved skulen. Kantina bør og ha kapasitet til å kunne servera lunsj til personalet ved skulen.

## **Gymnastikksal/fleirbrukshall**

Fleirbrukshall bør vere i sambruk med idrettshallar og -anlegg. Den må og vere tilrettelagt for aktivitetar som dans og drama. Ei eventuell sceneløysing vil vere avhengig av utforming og bruk av vestibyle/musikkrom/amfi. Hallen vert eit viktig rom både i kvardagen i skulen og for andre brukarar i nærmiljøet. Hallen må utformast slik at ein kan søkje om tilskot i form av spelemidlar.

## **Amfi**

Amfi er eit rom som er spesielt eigna til førestillingar og framføringar. Lokala kan og nyttast til presentasjonar og møte utanom ordinær skuletid. Amfiet kan leggest i tilknytning til elevkantine slik at det kan nyttast som opphaldsareal for elevar i pausar. Amfiet skal ha ein markert plass for opptreden/framføring og må kunna stengast av.

## **Arbeidsrom for tilsette**

Arbeidsrom for personalet bør vurderast med tanke på behov for elevkontakt, arbeidsoppgåver, samspel med fellesfunksjonar og leiinga ved skulen.

Arbeidsromma for dei tilsette skal som hovudregel plasserast i tilknytning til læringsromma. Lærarane skal ha sin individuelle arbeidsplass med tidsmessig dataløysing, hev/senkpult og skap- og hylleplass. Det må òg leggest til rette for samarbeid, enten på arbeidsrommet eller i tilstøytane møterom. Vidare må det gjerast ei vurdering av kor mange arbeidsplassar ein skal ha til andre tilsette på skulen, som fagarbeidarar og personale i fagstillingar.

Garderobeforholda for dei tilsette skal vere gode, og det bør vere dusj, tørkeplass og individuelle garderobeplassar til klede og sko.

## **Personalrom**

Personalrommet bør plasserast sentralt i skulebygget. Me må her ivareta personalet sitt behov for pause og ro. Me bør kunna samle alle tilsette i eit slikt rom. Det skal òg vere ei kjøkkenkrok og utstyr for presentasjon og informasjon.

## **Kulturskulen**

Etter Opplæringslova skal alle kommunar ha eit kulturskuletilbod der elevane skal få moglegheit til å oppleve og utøve kunst og kultur gjennom eigen aktivitet og i møte med andre. Det er viktig at arealet i skulebygga blir tilpassa dei behova som går fram av rammeplanen for kulturskulen. Kulturskulen må få disponere høvelege rom til si undervisning på skulane.

## **Uterommet**

Skulane sine uteområde er viktige og sentrale punkt i nærmiljøet, og vil vere ein samlingsplass både på dagtid og kveldstid. Uteområda vil fungere som nærmiljøanlegg til ope bruk for alle året rundt. Møteplassar av denne typen bør ha høg kvalitet og tilby rik variasjon av utfordringar og aktivitetsmoglegheiter, både til leik og læring. Som aktivitetsarena og sosial møteplass skal uterommet planleggast i forhold til universell utforming, elevane sin alder og deira behov for ulike og varierte aktivitetar.

Nye studiar frå Norges idrettshøgskule (NIH) syner at jenter og gutar mellom 9 og 15 år er 3 kg tyngre enn dei var for ti år sidan. For lite fysisk aktivitet får hovudskulda for vektauka i studien frå NIH. I eit slikt perspektiv blir attraktive skuleanlegg der born og unge oppheld seg store delar av dagen, særst viktige.

## **Skulehelsetenesta**

Skulehelsetenesta må disponere tenlege rom til helseundersøkingar, vaksinasjon og samtalar. Ut frå avsett tid og elevtal vil skulehelsetenesta vere til stades på skulane i varierende grad og til forskjellige tider. Kontor for skulehelsetenesta må innehalde benk med vaskekum og utslagsvask. I tilknytning til kontoret bør det vere eit venterom. På skular der det vert sett av areal til helsestasjon, skal det vere eigen inngang.

## **Særskild tilrettelegging/forsterka skular**

Kommunen organiserer undervisning for elevar som har behov for ei alternativt tilpassa opplæring, både i forhold til læringsareal og undervisning. Elevane vil ha behov for rom og utstyr tilpassa sine behov, i tillegg til eit godt fagmiljø blant personalet, med spissa kompetanse for å gje eit så godt individuelt tilbod som mogleg. Hå kommune har bygd ei slik avdeling, ATO-avdeling, på Bø skule med plass til 18 elevar. Det er likevel slik at føresette kan velje nærskulen for sine barn om dei ønsker det.

## **Bruk og sambruk av skuleanlegget**

Skulebygget er primært ein læringsarena for elevane, men skal og tene lokalsamfunnet. Nærmiljøanlegga skal vere opne for alle. Vestibyle, amfi, fleirbrukshall, kantine, kjøkken, rom for kunst og handverk og musikkrom bør vere rom som kan leigast ut. Desse skal så langt råd utgjere sjølvstendige, låsbare areal i bygget. Ved bygging og rehabilitering av skular må me og ta omsyn til behovet som det frivillige idretts- og kulturlivet har på staden.

## **Klima og energi**

Skuleanlegga skal byggjast for framtidens generasjonar og vere miljøvennlege bygg med sunt inneklima, berekraftig materialbruk og lågt energiforbruk. For å møte framtidens utfordringar med endra klima, må vi planlegge anlegg som er robuste og toler meir ekstremnedbør. Me må og velje materialar som gjer eit sunt inneklima, der me tek omsyn til materialet sine driftskostnader gjennom heile livsløpet. Temaet er og omtalt i kommunen sin vedtekne Eiendoms og forvaltningsstrategi. Sentralt her er ny klimalov, gjeldande frå 01.01.18. Her er klare mål for reduksjon av klimagassutslepp, med 40% reduksjon innan 2030 og 80-95% reduksjon innan 2050. Skulebygg sin bruk av energi vil og verte utfordra i åra som kjem, og nye skular vil bli utforma og planlagde med tanke på dette framover. Utforming av morgondagens skule i møte med desse krava vil med andre ord sette heilt nye standardar for korleis me må planlegge nye bygg.

## **Trafikktryggleik**

Tettstadane i kommunen veks, og trafikken på vegane aukar i takt med dette. Skuleskyss, gang- og sykkelvegstruktur, utforming av uteområde og tilkomstvegar betyr mykje for trafikktryggleik. Det skal leggjast vekt på trygge skulevegar, og særleg trafikkavviklinga rundt skulene må tryggjast og planleggast med det som siktemål.

## **Sikkerheit og beredskap**

I eit samfunnssikkerheitsperspektiv legg kommunen til grunn at framtidens skulebygg skal planleggast og utstyrast slik at skulebygga ved uønskja hendingar skal vere eigna til å ivareta både elevar, tilsette og nærmiljø på ein hensiktsmessig måte. Dette handlar om beredskaps- og krisesituasjonar av ulike slag.

Kommunen legg til grunn at eit skulebygg og kan verte ramma av ei rekke uønskja alvorlege hendingar som tjuveri, brann, trugsmål, skadeverk/hærverk og alvorleg valdsbruk. Dette kan vere hendingar som er avgrensa til skuleområdet, men òg ulukker eller alvorlege hendingar i eit nærmiljø til skulen.


# Barnetal og skulekapasitet

## Historisk utvikling i folketalet i Hå

Utviklinga i folketalet i Hå vil vere avhengig av kor mange som blir fødde, kor mange som døyr og kor mange som flyttar til og frå kommunen. Utviklinga i talet på barn i skulealder heng tett saman med utviklinga i folketalet. Det er talet på skulebarn som styrer kvar og kor store skular det er behov for. Det er naturleg å sjå kretsvis på utviklinga i tala på skulebarn opp mot kapasiteten i skulane.

Figur 1 nedanfor viser utviklinga i folketalet i Hå i perioden 1964-2024. Det er store svingingar i veksten frå år til år og i nokre år er det og registrert negativ vekst. Dette kan i hovudsak knytast til utviklinga ved Nærlandheimen rundt 1970 og i starten på 1990-talet. I 1970-åra var det år med høg vekst på grunn av stor bustadbygging og tilflytting, noko ein òg ser i åra omkring 2008-2013. I denne siste perioden er ikkje minst arbeidstilflytting ei hovudårsak til den sterke veksten, grunna høg oljepris og tilhøyrande stor vekst i oljenæringa, både nasjonalt, men særleg i Rogaland og dei andre vestlandsfylka.

Figur 1. Folketalsutvikling, folkemengd 1. januar 1964-2024




## Endra utvikling i seinare tid

Finanskrisa i 2007/08 førte med seg redusert vekst i internasjonal økonomi. Veksten for Norge tok seg likevel raskt opp, og det blei høg vekst i hovudsak på grunn av god prisutvikling i råvarer som Norge eksporterer, særleg olje, og fallande prisar på import. Frå 2014 av har oljeprisen felle mykje, og saman med relativt svak vekst i internasjonal økonomi har dette ført til mindre aktivitet, særleg i oljenæringa i Rogaland. Dette gjer seg mellom anna utslag i mindre arbeidsrelatert tilflytting til Norge. Det er mange arbeidsinnvandrarar som nå flyttar tilbake til heimlanda sine. Sjølv om det har vore aukande tilflytting av flyktningar, er den samla veksten i innvandringa til Norge nå mindre enn før.

Hå kommune hadde sterk vekst i perioden frå 2008 til 2014. Det var ei vekst mykje på grunn av oppgangen i oljenæringa, men òg på grunn av arbeidsinnvandring til jordbruksnæringa. Det var netto innflytting til Hå både frå andre delar av Norge og ikkje minst frå utlandet. Sjølv om det blei oppretta nye arbeidsplassar i Hå, kom det òg mange tilflyttarar til kommunen som pendla ut av kommunen til arbeidsstaden.

I perioden 2015-2022 har det vore svakt synkende fødselsoverskot og folkeveksten har vore prega av negativ nettoinnflytting. I løpet av de siste åra har med hatt eit år med auke i fødselsoverskotet som hovudsakleg skuldast færre døde, kombinert med at Ukrainske statsborgarar har bidratt til å auka innflytting for andre året på rad.

Figur 2. Fødselsoverskot, nettoinnflytting og folkevekst 2000-2023




## Framskriving av folkemengd

## Framskriving av folke- og barnetall

Når me skal framskrive utviklinga i folke- og barnetal, bruker me ein modell for framskriving. Til framskrivingane treng me ulike føresetnader om fire demografiske komponentar: Framtidig fruktbarheit, dødelegheit, innanlandske flyttingar og inn- og utvandring. Kommunen bruker Statistisk sentralbyrå (SSB) sine framskrivingar for heile kommunen og KOMPAS sin trendflyttingsmodell for å fordela folke- og barnetal på dei ulike kretsane.

Figur 3. Framskriving av folkemengde i Hå per 31. desember, MMMM 2020-24




### Hovudalternativet (MMMM)

Kommuneplanen 2024-2036 legg opp til ei befolkningsutvikling som tar utgangspunkt i SSB sitt hovudalternativ (MMMM) for framskriving av folkemengd på kommunenivå. Hovudalternativet, kalla MMMM, legg til grunn middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsk mobilitet og middels innvandring.

SSB oppdaterer og omstrukturerer sine framskrivingar anna kvart år, sist i juni 2024. SSB sine nye framskrivingar av befolkninga blir denne gong laga med eit bakteppe der det har vore stor innvandring, då særleg frå Ukraina. Det gjer at me i hovudalternativet forutset ei sterk befolkningsvekst på kort sikt, men også vekst på lengre sikt med lågare takt.


Framskrivinga viser nå at folketalet aukar frå 19.827 1. januar 2024 til 20.850 31. desember 2036. Det utgjer ei folkevekst på 1023 innbyggjarar.

Figur 4. Framskrivingar av folkemengd 6-12 år (Hå kommune) pr. 31.12.



Figur 4. viser at behovet for elevplassar på barnetrinnet i Hå kommune vil reduserast frå 2048 31. desember 2023 til 1636 31. desember 2036. Dette er ein reduksjon på 412 elevplassar.

Figur 5. Framskrivingar av folkemengda 13-15 år (Hå kommune) pr. 31.12.



Figur 5 viser at behovet for elevplassar på ungdomstrinnet i Hå kommune vil reduserast frå 929 31. desember 2023 til 780 31. desember 2036. Dette er ein reduksjon på 149 elevplassar.

# Skulekretsar og skulebygg

## Nærbø

### Høyland skule


Høyland skule har ein kapasitet på 145 elevplassar. Høyland er nærskulen til mottaket på Nærland. Dette vart først lagt ned, men vart gjenopna som akuttmottak ved to anledningar i 2021 og 2022. Frå oktober 2022 vart det ordinært mottak igjen. Mottaket har plass til 150 flyktningar, men med opsjon på 50+50. Det betyr at det kan bu inntil 250 flyktningar på Nærland. Talet på elevar som bur på mottaket vil variere og skulen kan oppleve raske endringar.

Elevtalet på Høyland per 01.10.2024 er 103 elevar. Ved teljinga var talet elevar frå mottaket relativt lågt. Desse elevane går tidvis i egne grupper og tidvis i dei ordinære klassane. Av den grunn opplever skulen større press på læringsroma enn før. Det kan tidvis vere krevjande med nok rom til alle, spesielt viss det er elevar som har behov for individuell tilrettelegging av opplæringa si.

Hausten 2022 fekk Høyland skule ei totalrenovering av det gamle skulebygget. Denne delen er no ført tilbake til slik bygget var før, samstundes som tekniske utfordringar ved bygget er løyst. Det betyr at me kan bruke begge etasjane igjen.



Figur 6. Framskrivningar av folkemengda 6-12 år (Høyland) pr. 31.12.



Figur 6. viser at for alle framskrivingsalternativa vil det vera nok kapasitet på Høyland skule. Dette er den minste krinsen noko som gjer den meir sårbar i framskrivingsmodellar. Dei reelle elevtala ved teljing 1. oktober er i 2020: 121 elevar, 2021: 108 elevar, 2022: 89 elevar, 2023: 110 elevar og 2024: 103 elevar. Desse tala er inkludert elevar frå mottaket som var registrert som elevar på Høyland skule ved teljedato.

Denne usikkerheita har ingen konsekvens med dagens organisering, men det er viktig å vere klar over dette dersom ein vil sjå på endringar i skulestruktur framover. Prognosen på elevtal er fallande ved alle barneskulane på Nærbø.




### **Bø og Motland skular**

Bø skule har ein kapasitet til 550 elevplassar. Elevtalet per 01.10.2024 er på 461 elevar, kor 18 av desse er elevar på ATO (alternativ tilpassa opplæring for 1.-10 trinn). Motland skule har ein kapasitet på 440 elevplassar. Elevtalet for skuleåret per 01.10.2024 på 369 elevar.

Begge skulane har god kapasitet og er i god stand. Begge skulane er baseskular, noko som gjer at reduksjon i elevtalet nødvendigvis ikkje frigjer klasserom og læringsareal, men det vil gje betre plass i romma som dei bruker, noko som igjen kan gjere det lettare å skape gode læringsmiljø.



Figur 7. Framskringingar av folkemengda 6-12 år (Bø og Motland) pr. 31.12.



Figur 7 viser at det vil vere god kapasitet fram til 2036 på barneskulane på Nærbø. Det faktiske samla elevtalet per 01.10.24 er 830, noko som gjer ein teoretisk ledig kapasitet på 160 elevar ut frå godkjenningane allereie i dag. På sikt kan det bli naturleg å sjå på om det er behov for 3 barneskular på Nærbø ettersom prognosen for elevtalet fell på alle skulane.

### Nærbø ungdomsskule


Nærbø ungdomsskule har ein kapasitet på 355 elevplassar. Elevtalet per 01.10.24 er på 326 elevar, dette inkluderer cirka 15 elevar i innføringsklasse då Nærbø ungdomsskule er nærskulen til ungdomsskulelevane frå mottaket på Nærland.

Det er om lag 100 elevar frå Nærbø som går på Tryggheim ungdomsskule. Dersom like mange elevar frå Nærbø går på Tryggheim i åra framover, vil det vere nok kapasitet på Nærbø ungdomsskule.

Skulen fekk færre klasserom etter ombygging til felles kantine på skulen, og har uttrykt at dei har for lite læringsareal no som dei også har innføringsklassar. Dette vart ytterlegare forverra då Nærland asylmottak også blei godkjent for einslege mindreårige. I dag må dei bruke spesialrom (musikkrom) og grupperom som dei skulle hatt til ordinær undervisning. Det har latt seg gjere ved god planlegging og kompenserte tiltak frå lærarane, men det er ikkje berekraft i dette over tid.

Kommunedirektøren tilrår difor ei løysing der kommunen kjøpar modular, med planar om å nytte dei i minst 5 år, og at det settast av 2,8 mill. kr til dette for budsjettåret 2025. Me legg opp til å kunne nytta egne ressursar til ein viss grad i samband med mobilisering og demontering for å redusere dei totale kostnadane. Løysinga krev søknad om byggeløyve som ein permanent bygning, med ein seinare rivesøknad.

Figur 8. Framskrivingar av folkemengda 13-15 år (Høyland, Bø, Motland) pr. 31.12.



Note: I figuren for barn i ungdomstrinnet på Nærbø er det trekt frå 104 barn for å illustrere skulebehovet på Nærbø ungdomsskule når elevane som går på Tryggheim er tatt vekk.



## Oppsummering av situasjonen på Nærbø

I følge framskrivingane som er lagde til grunn vil det vere god skulekapasitet på alle barneskulane til Nærbø og elevtalet er fallande. På ungdomsskulen har dei no ein elevtopp. Elevane på mottaket på Nærland har plass på sine nærskular (Høyland skule og Nærbø ungdomsskule), men det pressar skulane på nok rom.

Prognosane viser at i 2028 vil det vere ledig kapasitet på Motland og Bø på over 200 elevplassar, samstundes som Høyland har færre enn 90 elevar. Desse tala er utan eventuelle elevar frå mottaket på Nærland. Det kan bli aktuelt å sjå på det i neste rullering av skulebruksplan.






## Varhaug

### Varhaug skule

Skulen har i per 01.10.24 464 elevar. Etter at nybygget stod ferdig har skulen ein kapasitet på 550 elevar. Prognosane viser at det vil vere god kapasitet i åra framover.

Figur 9. Framskrivningar av folkemengda 6-12 år (Varhaug) pr. 31.12.



## Varhaug ungdomsskule


Varhaug ungdomsskule har ein kapasitet på 207 elevplassar. Elevtalet per 01.10.24 er på 182 elevar.

Figuren under viser at den toppen som har vore på Varhaug skule no har kome til ungdomsskulen. Elevtalet vil vere stabilt høgt nokre år før det er venta å gå ned igjen.

Innvendig er bygget svært slitt og ber preg av dette. Det er mykje trefargar og lite naturleg lys, og bygget framstår ikkje som særleg moderne. Planleggingsarbeidet for oppgradering starta hausten 2023 og pågår framleis. Prosjektet er komplisert i den forstand at me ynskjer å få til oppgraderingar som ikkje vil krevje ein byggesøknad. Dette vil utløyse kostbare krav som det ikkje er sett av midlar til. Det skal utarbeidast ein prosjektbeskrivelse som skal vise kva som er mogleg å få til og kva som ikkje er mogleg. Me tar sikte på ei politisk handsaming av prosjektet i slutten av 2024 eller tidleg i 2025.



Figur 10. Framskrivingar av folkemengda 13-15 år (Varhaug) pr. 31.12.



Note: I figuren for barn i ungdomstrinnet på Varhaug er det trekt frå 27 elevar for å illustrere skulebehovet på Varhaug ungdomsskule når elevane som går på Tryggheim er tekne vekk.

### Oppsummering av situasjonen på Varhaug

Varhaug skule har etter vedtaket i 2018 om å byggje ut skulen til ein kapasitet på 550 elevar god plass til elevane som soknar til skulen. Varhaug ungdomsskule vil ut frå prognosane ha plass i eksisterande bygning. Skulen er slitt og treng å bli oppgradert.

Det vil frå 2030 og utover vere svært god kapasitet på begge skulane på Varhaug. Med ein prognose kring 150 elevar på ungdomsskulen kan Hå kommune vurdere om det er hensiktsmessig å ha ungdomsskule både på Varhaug og Vigrestad når ny barneskule står klar på Vigrestad.


## Vigrestad og Stokkalandsmarka

I tidlegare skulebruksplanar har det blitt skissert fleire alternativ til utbygging av kapasiteten. Det er vedteke at skulen i Stokkalandsmarka skal bli bygd som 1-7 skule, Vigrestad skule blir 1-7 skule og Vigrestad storskule blir 8-10 skule for begge bygdene. I framskrivingane viser me berre utvikling med framtidig skulestruktur på Vigrestad.

### Vigrestad skule

Dagens Vigrestad skule har ein kapasitet på 300 elevplassar. Elevtalet per 01.10.24 er på 202 elevar. Merk at dette er elevtal for 1.-4. trinn (6-9 år).

Figur 11. Framskrivingar av folkemengda 6-12 år (Vigrestad/Stokkalandsmarka) pr. 31.12.



Figuren viser behovet for skulekapasitet for elevar til heile barnetrinnet (1.-7. trinn) som i dag soknar til Vigrestad skule. Ny barneskule er planlagt for 450 elevar.


I kommunestyret den 17.11.22, sak 084/22, blei det vedteke å bygge ny skule på ny tomt, alternativ 3. I kommunestyret den 15.12.22, sak 100/22, vart det løyvd 107 mill kroner til å starte prosjektet. I løpet av 2024 har det pågått reguleringsarbeid som må vere på plass før planleggingsarbeid kan starta.

Ny barneskule på Vigrestad er planlagd å kosta opp mot 350 mill. kr basert på kalkyle i 2022. Sidan den gong har det vore ei prisauke knytt til bygg og eigedom som gjer desse tala høgst usikre. Dei totale investeringane som er planlagd i den komande økonomiplanperioden sett og stort press på driftsbudsjettet i kommunen. Dette er krevjande å løyse samstundes som me skal levere gode tenester til innbyggjarane i Hå. Kommunedirektøren tilrår difor i samband med budsjettforslag for 2025 og forslag til økonomiplan for 2025 - 2028 og utsette arbeida med planlegging av ny barneskule på Vigrestad til 2028. Kommunedirektøren føreslår difor å sette av 1 mill. kr til ferdigstilling av reguleringsplan i 2025 og 2 mill. kr til oppstart og planleggingsmidlar i 2028 med mål om oppstart på arbeida i 2029 og ferdigstilling av ny skule i 2031.

## Vigrestad storskule

Vigrestad storskule har ein kapasitet på 300 elevplassar. Elevtalet per 01.10.24 er på 273 elevar fordelt på 5. til 10 trinn (10-15 år).

Figur 12. Framskrivingar av folkemengda 13-15 år (Vigrestad/Stokkalandsmarka) pr. 31.12



Note: I figuren for barn i ungdomstrinnet på Vigrestad storskule er det trekt frå 30 elevar for å illustrere skulebehovet på Vigrestad storskule når elevane som går på Tryggheim er tekne vekk.

Når Vigrestad skule med 1.-7. trinn er klar vil ungdomsskulen ha om lag 130 elevar og prognosen er relativt flat etter det. Hå kommune kan derfor vurdere å sjå på om det vil vere hensiktsmessig med felles ungdomsskule for Vigrestad og Varhaug.

## **Oppsummering: Situasjonen på Vigrestad/Stokkalandsmarka**

Kommunedirektøren tilrår 1 mill. kr til ferdigstilling av reguleringsplan i 2025 og 2 mill. kr til oppstart og planleggingsmidlar i 2028 med mål om oppstart på arbeida i 2029 og ferdigstilling av ny skule i 2031.

Når barneskulen står ferdig vil ny ungdomsskule ha svært god kapasitet.



# Brusand, Oгна og Sirevåg


## Oгна skule

Oгна skule har ein kapasitet på 300 plassar. Elevtalet per 01.10.24 er på 252 elevar. Det nye skulebygget fungerer veldig godt.

Nye Oгна skule blei opna i januar 2018. Skulen har ein kapasitet på 300 elevar på 1-10 trinn. Skulen vil ha god plass for alle framskrivingsalternativa ut perioden.

Per 01.01.24 har ungdomstrinnet få elevar, med totalt 54, noko som er uvanleg lite for Oгна. Det er dei to eldste trinna som har færrest elevar. På dei andre trinna varierer trinna mellom 25-32 elevar per trinn, så framtida ser meir stabil ut med tanke på å ha ein viss storleik på trinna.

Figur 16. Framskrivningar av folkemengda 6-15 år (Brusand, Oгна og Sirevåg) pr. 31.12.



Figuren viser at det vil vera tilstrekkeleg kapasitet på Oгна skule.

